



## Smittvernreglar for handballkampar i Voss idrettshall: Informasjon til bortelag og heimelag

Voss HK ønsker Dykk velkommen til Voss idrettshall! Vi gler oss til ny sesong og til å spela handball att. Grunna Covid-19 har vi satt opp nokre nye reglar for å overhalde smittevernreglane. Vi ber Dykk om å sette Dykk inn i desse reglane og rutinane og at lagleiarar, spelarar og foreldre overheld desse slik at vi lagar ei trygg ramme for alle.

**Separat inngang og utgang:** Hallen har separat inngang og utgang som skal nyttast for å unngå trengsel. Inngang og utgang er markert med egne skilt. Alle må sprite seg på hendene når dei kjem og drar. Antibac er tilgjengeleg ved inngang og i trappa opp til tribunane.

**Registrering:** Alle som skal inn i hallen skal registrera seg. Lag til og med 12 år leverer lagliste til når dei kjem til hallen. I inngangen vil det vere ein vakt som tar imot denne. Publikum registrerer seg med telefon via QR-kode som ein finn ved inngangen til hallen eller på lister på vaktposten i trappa til tribunen med namn og telefonnummer.

**Garderobar:** Garderobane i Voss idrettshall er stengde og kan ikkje nyttast. Vi oppmodar alle spelarar om å møte opp i handballdrakta under treningsdressen. Det er høve til å sette frå seg sko, baggar og jakker ved inngangen til hallen. Vi har markert egne bord merka med lagnamn, og vakta ved inngangen held øye med borda. Ting de ikkje ønsker å ta med inn i hallen kan de sette frå Dykk her, men eigendelar leggast der på eige ansvar.

**Oppvarming:** Oppvarming før kamp foregår ute. Dersom det er god nok tid mellom kampene kan laga få nytta banen til oppvarming fem minuttar før kampstart.

### Kampinfo:

- Dommarar og trenar/lagleiar møter opp min. 10 minuttar før kamp i sekretariatet. Lag som ikkje har registrert spelarar digitalt skal levere ei liste over spelarar og lagleiarar i sekretariatet.
- Smittvernreglar og 1 meters avstand gjeld utanfor banen. På innbyttarbenk skal spelarane halde ein meters avstand.
- Laga skiftar ikkje side mellom første og andre omgang.
- Etter kampen stiller begge lag opp på ei rekke med ansikta mot kvarandre i god avstand og takkar for kampen ved å klappa for kvarandre. Trenar på heimelaget gir startskot til klappinga.

**Kiosk:** Det vert enkelt sal av kaffi, mineralvatn og sjokolade ved inngangen til tribunen. Me oppmodar alle å betale med vipps eller kort.

**Tribunen:** Tribunen vil vere merka kor publikum skal kunne sitte, alle skal sitte med 1 – meters avstand frå kvarandre.